



Arkivnr: 2016/1606-1
Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		18.02.2016

Innspel til ny regional planstrategi for Hordaland 2016-2020

Samandrag

Planseksjonen i regionalavdelinga arbeider med ny regional planstrategi for Hordaland 2016-2020. Planseksjonen ønskjer innspel til utfordringar, mål og satsingsområde. Leiar for dette arbeidet i regionalavdelinga, Marit Rødseth, vil orientere i dagens fylkeseldrerådsmøte og invitere til dialog om regional planstrategi, spesielt relatert til saker som vedkjem eldre.

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør økonomi- og organisasjonsavdelinga

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Framhald neste side

Fylkesrådmannen, 08.02.2016

Regional planstrategi 2016-2020

Regional planstrategi er ein overordna plan for Hordaland fylke. Den blir vedteke kvart fjerde år av fylkestinget, seinast eitt år etter konstitueringa. Planen har verknad for fylkeskommunen, statlege regionale organ og kommunane. Planarbeidet er starta opp og fylkesutvalet er styringsgruppe.

Planen inneheld:

1. Langsiktige mål for utviklinga i fylket.
2. Satsingsområde/strategiar for dei næraste åra.
3. Program for kva regionale planar som skal utarbeidast dei nærast fire åra.

Planen skal utformast på bakgrunn av beskriving av utviklingstrekk, utfordringar og mulegheiter. Organ som blir vedrørt av planstrategien skal medverke i planlegginga. Vi er no i ein innspelsfase og det er mogeleg for fylkeseldrerådet å kome med synspunkt på kva som er

- særlege utfordringar i Hordaland
- viktige langsiktige mål og strategiar for utviklinga i Hordaland

08.02.2016/Prosjektleder Marit Rødseth, Regionalavdelinga